

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014**

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Nye punkt:

2) Bergensprogrammet:

a) Fylkestinget ber fylkesordfører kontakte statlige myndigheter med sikte på å sikre 70 % statlig finansiering av vidare utbygging av Bybanen, og at staten overtar minst 50 % av gjelda på utbygginga som er ferdig og under arbeid.

3) Fylkesvegane utanom Bergen:

Fylkestinget ynskjer sak som visar måloppnåing av vedtaket i planen s. 17 om at det skal etablerast samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5000 innbyggjarar. Der målet ikkje er nådd vert det lagt frem tiltaksplan i eigen fylkesvegplan for gang og sykkel. Fylkestinget ber om at veg gjennom Toskedalen nord på Osterøy vert vurdert som mogeleg omkjøringsveg for E16 ved stenging.

4) Fylkesutvalet er ikkje nøgd med at Hordaland har därlegast vegdekke på fylkesvegane i landet målt etter tilstand (u)jamnheit i % av veglengda. Fylkesutvalet ber Stortinget i budsjettet for 2015 gje ei løyving som gjer at Hordaland kan ha eit asfalt vedlikehald på gjennomsnitt i landet. SVV har regna at løyvinga må aukast frå 40 til om lag 130 millionar. Samfunns- arbeids- og næringsliv i fylket må ha betre bruksvegar."

### **Røysting**

Oen sitt forslag til nytt punkt 2 fekk 2 røyster (SV, Sp) og fall.

Oen sitt forslag til nytt punkt 3 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Oen sitt forslag til nytt punkt 4 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga vart samråystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2015 for Hordaland utanom Bergen og Bergensprogrammet.